



Statens vegvesen

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
19/127197-2

Dykkar referanse: Vår dato:
19/1083 – 19/16814 19.06.2019

Uttale – Tilkomstveg fritidsbustad – Fv. 404 – Gnr. 58 bnr. 54 – Lygre indre – Lindås kommune

Statens vegvesen viser til brev mottatt 28.05.2019.

Kva saka gjeld:

Lindås kommune ber om uttale til søknad om etablering av tilkomstveg til fritidsbustad på gnr. 58. bnr. 54 på Lygre Indre. Det er søkt om dispensasjon frå plankrav for tiltaket. Kommunen spør særleg om fritidsbustaden har avkøyrsløyve eller om tiltaket krev eit slikt løyve.

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplan for *Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden* er definert som fritidsbustad.



Ortofoto: Oversikt over eigedom og avkøyrsløse

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Uttale til tiltak etter plan og bygningslova:

Søknaden gjeld søknad om tilkomstveg til ein eldre fritidsbustad som ikkje har køyrbar tilkomst i dag. Når det vert søkt om å få køyrbar tilkomst til eigedom vil dette i utgangspunktet krevje eit eige avkøyrsløyve.

Fritidsbustaden er eldre og antatt bygd før vegen kom. Det er difor grunnlag å tru at tilkomst til fritidsbustaden i utgangspunktet var sjøvegen, utan at vi veit dette sikkert. Det er ikkje framlagt dokumentasjon på at eigedomen har eit avkøyrsløyve, og vi finn heller ikkje slik dokumentasjon i våre arkiv. Eldre saker er arkivert på Statsarkivet i Bergen. Dette er dokumentasjon som søkjar sjølv kan innhente. Det er heller ikkje framlagt dokumentasjon eller avtale på parkeringsrettar, og det kan framstå som fritidsbustaden i dag parkerer langs offentleg veg.

Avkøyrsla som ligg i tilknytning til fritidsbustaden er stor og utflytande, og går over areal som i dag er nytta til busstopp. Den er ikkje bygd i samsvar med dei krav ein stiller til utforming og sikt i dag. Vi har ingen kunnskap til kvifor avkøyrsla er utforma slik den er. Dette kan vere eit argument for at området bør planleggast, slik at området avsett til fritidsbustad får ei felles avkøyrsløye som er føremålsteneleg og i samsvar med dagens krav.

Oppsummert:

Dersom det ikkje kan leggast fram dokumentasjon på at eigedomen har eit avkøyrsløyve eller godkjent parkering innanfor området, må tiltaket søkast om etter veglova.

Vi ber om å få tilsendt kommunen sitt vedtak til klagevurdering.

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
faggruppeleiar

Tone Bøyum
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.